



Vest politidistrikt

Politireforma 2016 – fråsegn frå Sogn regionråd

Denne fråsegna omfattar polititenesta i kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Luster, Leikanger, Vik, Balestrand og Høyanger.

Sogn regionråd er oppteken av at politireforma frå Stortinget si side er ei nærpolitireform som skal sikra tilgjengeleg og synleg politi, kort responstid, god førebygging og polititilsette som arbeider og bur i folk sitt nærmiljø.

Sogn regionråd er sterkt kritiske til ei ytterlegare sentralisering av viktige offentlege tenester. Politireforma må ikkje gå inn i ei rekkje av reformer som «flyttar» allereie knappe resursar inn mot sentrale strøk. Føresetnadene frå Stortinget om eit sterkare nærpoliti må fylgjast opp.

Lensmannskontora våre er viktige i høve:

- førebyggjande og haldningsskapande arbeid, noko ein ser att på låge tal innan kriminalitet, vold og narkotika,
- tryggleiken og servicen til innbyggjarane våre og
- beredskap – der lokalkunnskapen deira er svært viktig og ofte avgjerande.

Sogn regionråd har eit klart ønske om å oppretthalda og styrkja dagens struktur og polititeneste i sogneregionen. Derfor krev kommunane at lensmannskontora blir oppretthaldne også etter at politireforma blir gjennomført.

Sogn regionråd vil vidare påpeike at dei økonomiske ressursane til beredskap, vaktordning og generelt politiarbeid i Sogn i dag er lang ifrå tilfredsstillande. Vidare omfattar kommunane eit stort geografisk område med store avstandar. Dei geografiske omsyna i Sogn understrekar trongen for styrka økonomiske ressursar. Dette uavhengig av kva politimeistaren konkluderer med i høve nærpolitireforma.

Sogn regionråd krev at det framleis skal vere 3 politiregionar i Sogn og Fjordane, og at politiregion Sogn skal bestå som i dag.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift